



**Arkiv:** K2-S82, K3-&83  
**ArkivsakID:** 18/555  
**JournalpostID:** 19/1554  
**Sakshandsamar:** Tor Arne Hauge  
**Dato:** 09.05.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 057/19        | FORMANNSKAP  | 13.06.2019 |
| 014/19        | KOMMUNESTYRE | 20.06.2019 |

## Uttale frå Solund kommune - nasjonal ramme for vindkraft

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune ser positivt på at det vert utarbeidd ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

### 13.06.2019 FORMANNSKAP

#### Handsaming:

##### *Votering:*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

### FOR-057/19 Vedtak i:

Solund kommune ser positivt på at det vert utarbeidd ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

### 20.06.2019 KOMMUNESTYRE

#### Handsaming:

##### *Framlegg på tilleggspunkt frå AP/SP v/Tom Færøy:*

Solund kommunestyre er samd i vurderingane som er gjort i framlegg til nasjonal ramme med omsyn til areal i Solund kommune.

*Representanten Steinar Krakhellen ber kommunestyret vurderer hans habilitet i saka, på grunn av tidlegare saker om vindkraft.  
Kommunestyret finn representanten habil i saka.*

#### *Votering:*

Det vart røysta over kvart punkt for seg.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

Tilleggspunktet frå AP/SP vart vedteke med 8 røyster. 5 røysta i mot (H, SV)

#### **KOM-014/19 Vedtak i:**

Solund kommune ser positivt på at det vert utarbeidd ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

Solund kommunestyre er samd i vurderingane som er gjort i framlegg til nasjonal ramme med omsyn til areal i Solund kommune.

#### **Vedlegg i saka:**

|            |                                                                                    |
|------------|------------------------------------------------------------------------------------|
| 09.04.2019 | NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft                                  |
| 09.04.2019 | E-post Høring - Nasjonal ramme for vindkraft                                       |
| 18.10.2018 | Innspel til arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land - frå Solund kommune |
| 18.10.2018 | Rapport - Tanaquil Enzensberger - Fem øyar i Solund                                |
| 18.10.2018 | Biologisk mangfald i Solund rapport 2006                                           |

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

#### **Kva saka gjeld:**

Olje- og energidepartementet ønskjer innspel til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme og til om det bør fastsetjast ei nasjonal ramme for vindkraft i Norge.

#### **Saksutgreiing:**

NVE fekk i februar 2017 i oppdrag av OED å lage eit forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Olje- og energidepartementet (OED) ynskjer innspel til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt forslag til nasjonal ramme, og til om det bør fastsetjast ei nasjonal ramme for vindkraft i Norge. Departementet vil gjennomgå NVE sitt forslag og høyringsuttalane før det vert teke endeleg stilling til politikken for vindkraft på land.

Hovuddelen av NVE sitt arbeid har bestått i å samle eit breidt kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft på land og utifrå dette identifisere dei mest eigna områda for vindkraft på land. Områda er valt med utgangspunkt i vindressurs og nettkapasitet, og er vekta mot andre viktige miljø- og samfunnsomsyn.

NVE bad undervegs i arbeidet kommunane om faglege innspel om regionale og nasjonale interesser knytt til ulike fagtema. Solund kommune sendte 18.10.18 innspel med merknader til faggrunnlag naturtypar og faggrunnlag friluftsliv.

NVE sitt faglege forslag vart offentleg 1.april 2019 i form av ein rapport:

[http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019\\_12.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf). Forslaget innheld eit samla kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft på land og eit kart:

<https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme> med forslag til det NVE meiner er dei mest eigna områda for lokalisering av ny vindkraft.

NVE valde ut 43 analyseområde som har vore arbeidd med gjennom ein overordna arealanalyse for å kome fram til dei mest eigna områdene for vindkraft i Norge. NVE har i sitt forslag peika ut 13 område som direktoratet meiner er dei mest eigna områda for vindkraft på land i Norge. Det er lagt vekt på å unngå konflikhtar med viktige naturområde, og tatt særleg omsyn til aktuelle tema, for eksempel friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminner og reindrift.

OED arrangerte 23.mai 2019 regionalt innspelsmøte for nasjonal ramme for vindkraft på land. OED og NVE var tydelege på at vindkraft på land alltid vil medføre ulike grad av konflikt med ymse miljø og samfunnsinteresser. Forslaget frå NVE må sjåast på som eit fagleg råd der det er peika på 13 område som er meir eigna enn andre område til utbygging av vindkraft på land. Miljødirektoratet har i sine vurderingar av eksklusjonar lagt vekt på ta ut delområde med konflikhtar av regional eller nasjonal betydning som ikkje kan unngåast ved tilpassing av prosjekta.

### *Analyseskjema for område 19*

For kvart analyseområde er det laga eit analyseskjema med ein innleiande skildring av området før dei tematiske analysane kort er gjort greie for. Temaene som er analysert er todelt:

- teknisk-økonomisk analyse
- analyse av miljø- og samfunnsinteresser

Solund er ein del av analyseområde 19. Hovudkonklusjonen i dei teknisk-økonomiske analysene gjort av NVE for område 19 er at område 19 har veldig bra nettkapasitet og bra potensiale for vindkraftproduksjon. Analysene av miljø- og samfunnsinteresser er sett saman av mange deltema; fugl, flaggermus, villrein, naturtypar, landskap, friluftsliv, samanhengande naturområde, kulturminne- og kulturmiljø.

Solund er saman med ytre delar av kommunane Hyllestad, Fjaler og Askvoll ein del av område 19-A, som NVE har føreslått å ekskludere frå analyseområde 19 basert på den tematiske analysen av miljøverdiar. . Miljødirektoratet si grunngjeving for eksklusjonsforslaget er fylgjande:

- *Fugl: Svært viktig trekkorridor langs vestlandskysten som overlappar med vestlege delar av analysearealet. I tillegg viktige rasteområde og hekkeområde. Utover dei lokale verdiane, del av den overordna trekkoridoren langs kysten, som også har viktige funksjonsområde innover land. På grunn av havområda utanfor Flora kommune vil hovudtrekkrutene om hausten sannsynlegvis kome inn frå Svanøy i nord, passerer Stavenesodden og Atløy, gå over Buefjorden og Ytre Fjaler og Hyllestad, og deretter over Solund før dei passerer låglandet på øyane vest i Gulen. Fleire av dei viktigaste hekkeområda for sjøfugl i Norge sør for Stad er lokalisert i analyseområdet: Øyane lengst nordvest i Askvoll (Smelvær, Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen), Gåsvær i nordvestre Solund, og Utvær i sørvestre Solund. Heile kystpartiet er rikt på havørn, og i Solund fanst lenge den tettaste bestanden av hubro på Vestlandet. I dag er hubrobstanden betydeleg redusert i Solund, men saman med øyane vest i Gulen er Solund framleis eit viktig leveområde for hubro.*

*Nasjonalt viktig trekk-korridor, særleg under haust-trekket. Stavenes ser*

*ut til å vere innfallsporten frå nord; dette er naturleg ut frå generell kunnskap om topografi og fugletrekk. Frå Staveneset tilseier topografien at hovudtrekket for dei fleste artar (unntatt sjøfugl og langdistansetrekkarane) gått via Granesundet eller vestsida av Atløy, og så vidare over Lutelandet, før det dreiar sørvest for å unngå dei høgaste fjella aust i Solund. Viktige rasteplassområde på Værlandet, sakrisøy (sør for Lutelandet), Ospa, og øyane vest for Solund.*

- Naturtypar: Ytre Askvoll har svært viktige område for kystlynghei (Værlandet, Tviberg, Atløy, Staveneset)
- Landskap: Nasjonalt verdifullt landskap med berggrunn frå devontida. Karakteristiske utforminger særlig på Værlandet, men også store landskapsverdier i Solund, og på Lifjellet vest i Hyllestad.
- Friluftsliv: Friluftslivsområde av stor verdi både på land og til sjøs i Askvoll (Værlandet, Alden), Solund (Sula i øst) og Lifjellet.
- Sammenhengende naturområder: Sammenhengende naturområde frå hav til fjell i Solund (særlig østre del), Lifjellet, noen av øyene i Askvoll og på Staveneset.

#### *NVEs vurdering av eksklusjonsforslaget (19A)*

*Forslaget er begrunnet med fleire viktige natur- og landskapsverdier som kan bli vesentlig påvirket av vindkraftutbygging. Deler av arealet er også foreslått ekskludert av Riksantikvaren på grunn av viktige kulturminner.*

#### **Resultat:**

*NVE tar forslaget til følge.*

Dette medfører at NVE konkluderer med å ekskludere heile Solund kommune saman med ytre delar av kommunane Hyllestad, Fjaler og Askvoll. Det betyr at ingen område i Solund kommune vert med i område som er mest eigna for vindkraft på land.

#### **Vurdering:**

Solund kommune vurderer NVE sitt forslag til nasjonal ramme til å vere godt fagleg gjennomarbeidd. Mange deltema er vurdert og områda er vurdert samla etter ein lik mal for alle dei 43 vurderte område, noko som gjer at det er lettare å vurdere reellt fagleg konfliktnivå knytt til utbygging av vindkraft i ulike område.

Sjølv om hovudinstrykket er at arbeidet er godt fagleg gjennomarbeidd er det likevel råd å finne faglege veikskapar og manglar. Mellom anna har ikkje innspelet frå Solund kommune, der det vart påpeika og sendt dokumentasjon på at det også i Solund er store område med svært viktig kystlynghei, blitt teke omsyn til. Desse opplysningane ser ut til å ha blitt oversett i utforminga av forslag til nasjonal ramme, slik at det i analyseskjema for område 19 under punktet Naturtypar, berre er nemnt svært viktige kystlyngheiområde i Askvoll. Truleg skuldast dette manglande oppdatering av Naturbase, noko som er Fylkesmannen sitt ansvar og som Solund kommune ved fleire høve har purra på for å få gjort. Denne mangelen har likevel lite å seie for endeleg framlegg til nasjonal ramme, sidan heile Solund er ekskludert frå område 19.

At eit område ikkje er peika ut i dei 13 områda, som meir eigna for vindkraft, vil truleg medføre at eventuelle vindkraftsøknadar i området vil få ein tyngre veg for å få konsesjon. Det er likevel ikkje slik at ei nasjonal ramme for vindkraft på land vil bety at alle søknadar om vindkraft utanfor dei utpeika 13 områda nødvendigvis vil få nei, ved eventuell konsesjonshandsaming.

Arbeidet med den nasjonale ramma for vindkraft har fått fram mykje kunnskap der ein vurderer ulike fagtema i eit større regionalt og nasjonalt perspektiv. Ei nasjonal ramme for vindkraft på land vil truleg vere medverkande til at vindkraft ikkje vert etablert i område med størst miljø- og samfunnsmessige konflikstar.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**